

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 8/2006

Møtedato: 01.02.06

Arkiv nr:

Forvaltningsplan for rovvilt i Oppland – høring

Frå fylkesmannen er utkast til ny forvaltningsplan for rovvilt sendt fjellstyret til uttale. Planen er utarbeidd av rovviltnemnda i Oppland.

Eit av hovudpunkta i planen er å avgrense områda for ynglande jerv og familiegrupper av gaupe med utgangspunkt i naturleg førekomst i Oppland og nabofylka, konsentrasjon av beitedyr og muligheter for å avgrense tap av beitedyr og redusere interessekonfliktane. Det er lagt fram utkast to ulike geografiske avgrensingar. Innanfor og utanfor dess yngleområda blir det lagt opp til differensiering med omsyn til førekost av rovvilt av dei ulike artar og forvaltning av desse, samt bruken av tilgjengelige verkemiddel.

Under pkt. 6.1.1 Geografisk differensiering blir det lagt fram to framlegg:

Alternativ 1 frå leiar i rovviltnemnda Erik S.Winter:

Framlegg om ynglande jerv i nordvestlege kommunane i Oppland, avgrensast til nordaust for Gudbrandsdalslågen nord for Øyer kommune. For gaupe blir det foreslege at det skal vera familiegrupper i dei sørleg kommunane, dvs. opp til og med Sør-Aurdal, N.Land og Gjøvik.

Alternativ 2 frå fylkesmannen:

Framlegg om eit langt større areal for dei to artane. Yngling av jerv blir foreslege i Rondane, Dovrefjell, Reinheimen og Jotunheimen. Avgrensing er foreslege til aust for E6 i Gudbrandsdalen nord for Friisvegen opp til Otta, deretter nord for RV 15 til Tessand. Vidare vest for RV 51 gjennom Sjødalen til Bygdin. Familiegrupper av gaupe blir foreslege lagt til resten av fylket minis den del som ligg nord for RV255/Jotunheimvegen på strekninga Vinstra-Skåbu-Bygdin.

Stortinget har bestemt at Oppland skal ha 5 familiegrupper (ca 30 gauper) og fire ynglande tisper av jerv (ca 25-26 jervar). Det skal ikkje vera ynglande bjørn eller ulv i fylket.

Nærare grunngjeving for dei to alternativa er utgreia i planen. I planen er det i tillegg skissert tiltak retta mot bufe, retningsliner for tildeling av midlar til førebyggjande tiltak, aktuelle tiltak i Oppland og tiltak for konfliktreduksjon retta mot allmennheita.

Vedtak:

Ut frå lokal beiteforhold vil fjellstyret tilrå alternativ 1 frå leiaren i rovviltnemnda.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 2.2.06.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Fylkesmannen